


Stort og rikt stemme



Stemneplassen i Uskedalen søndag. En stad mellom 2.000 og 3.000 menneske er samla til frihøstgudstjeneste, talar, song og musikk av Fellesmusikklaget frå Rønde og Stord.



Kristent felleskap og lovspring i teltet under ungdomstreffet seint laurdag kveld, eit treff som tydeleg prova at også ungdomen er med.

TEKSTFOTO: BODIL BREKKHUS

Indremisjons-stemna i Uskedalen vil verta hugsa som ei av dei største i si tid, inspirerende og rik på åndeleg innhald. Over 2.000 menneske var samla på Stemneplassen søndag - i bygda der Sunnhordland, Hardanger og Voss Indremisjonssamskipnad si vogge stod for 125 år sidan.

Årsmøtet og 125-årsjubileumet til samskipnaden sette sitt preg på Uskedalen i helga, vart for lite under jubileums-møtet laurdag kveld. 1.200 menneske var innadfor teltduken, og endå sat det mange utanfor og lydde på talen til sekretær Bjarne Eide og dei 180 unge røystene i jubileumskoret.

Tidlegare på dagen var teltet åstaden for årsmøtet, og kyrkja for utscidingsmøtet til indremisjonsselskapet. Under ei minnestund på kyrkjegarden vart det lagt ned krans på gravene til tre av dei første leiarane i samskipnaden - Bertel Myklebust, Jørgen Thunold og Tormod Myklebust d.e. Under hogrida deltok også Uskedal Musikklag.

kehøgskule og Helgatun kom opp i 175.000 kroner, og tyder på at folk har vore ekstra rause under jubileumshogrida.

Trongt i teltet

Jamvel det store blå, misjons-teltet som ruva på campingplassen i Uskedalen i helga, vart for lite under jubileums-møtet laurdag kveld.

1.200 menneske var innadfor teltduken, og endå sat det mange utanfor og lydde på talen til sekretær Bjarne Eide og dei 180 unge røystene i jubileumskoret.

Tidlegare på dagen var teltet åstaden for årsmøtet, og kyrkja for utscidingsmøtet til indremisjonsselskapet. Under ei minnestund på kyrkjegarden vart det lagt ned krans på gravene til tre av dei første leiarane i samskipnaden - Bertel Myklebust, Jørgen Thunold og Tormod Myklebust d.e. Under hogrida deltok også Uskedal Musikklag.

Generalsekretær Ole Abel Sveen var ein av dei flittige gjestetalarane under stemnet. Han understreka m.a. at kvar einskild kristen har eit lære- og leiaransvar andsynes Guds



Generalsekretær Ole Abel Sveen på talarstolen i Uskedalen.

ord, at det vert forkynt reint og uforfalska.

Ungt publikum

— Bli den du er! Det var budskapet til generalsekretær i misjonsselskaper, Odd Bondevik, sin hovudtale om ettermiddagen. Menneske er skapte lite ringare enn Gud, fortalde han, men det som skil oss frå Han, er synda. For å atterreisa mennesket må me ta bort synda, gjennom trua på Jesus. For Guds opphavelige meining med oss, det er at me får leva som kristne.

Seint på kvelden var det ungdommen sin tur til å fylla teltet, med musikk og allsong under leiing av Marit Andreisen, lovspring, appellar og presentasjon av eitt-åringane. Og ungdommen kom. Og slo grundig hol på myten om at indremisjonen helst appellerer til den eldre garde.

Stor-samling

Søndag skulle stemneplassen i Uskedalen få stor-tilstrøyming. Det sat folk alle vegar, jamvel langt oppover i skogholtet ovanfor den rydda plassen. Ein stad mellom 2.000 og 3.000 menneske lyder overslaga på.

Ole Abel Sveen heldt talen, og han oppsummerte stemnet med å seia at det vesentlege ikkje var alle folk eller det fine veret, men at Gud ville ha den einskilde i tale.

— Stemnet var svært vellykka, og trøst har det ført til at indremisjonen sine folk var endå meir oppløfta då dei reiste heim, enn då dei kom, seier formannen i stemmekomiteen, Tormod Myklebust, til Kvinnheringen.

Etter dei signala som kom frå folk som vitja sjølvaste «fødestadens» til Sunnhordland, Hardanger og Voss indremisjonssamskipnad - den gamle løa på garden Døssland, då dei gjeraust noko for å ta vare på den for ettertida. Og det byrjar og hasta. Løa er svært til nedfalls.